

Bergen,

25.06.2024.

### **Opplysningar vedk mogeleg ulovleg bygg, 129/4 i Kvinnherad kommune:**

Registrer gjennom Kvinnherad kommune si postliste at Kvinnherad kommune har sendt brev til tiltakshavar med varsel om tilsyn på tiltaket. Brevet er datert, 20.06.2024.

Då vårt ynskje om å delta under tilsynet, er avvist av adv. Handeland i Kvinnherad kommune, tillet vi oss som svært nær nabo og part i saka, å kome med fylgjande opplysningar vedk. bygg og situasjon:

### **Tiltak som er utført på bygget:**

Generell omtale av tiltak:

Vurdert frå utsida er 100% av det du ser nytt, med unnatak av den gamle køyrebrua, og det som gjenstår av den gamle gråsteinsmuren. Gråsteinsmuren fungerer no mest berre som dekor, då eksisterande gråsteinsmur er nytta som ytterforskaling for nytt armert gyllebasseng i ferdigbetong på innsida.

Vegtilkomst til nytt lager i 3.etg. av bygg er flytta bort frå heimla grunn og inn på vår tomt, og går no like i hjørna på bustadhuset vårt.

Austfor bygget er eit større område dyrka mark utgrave utan søknad.

Går ein inn i bygget, er alt nytt bortsett frå gjennerande rundstokkar frå grindverksbygg frå før 1870.

Bygningselement/ konstruksjonsinngerp som utløyser søknadsplikt etter Plan – og Bygningslova:

- **Gyllebasseng:**

Nytt gyllebasseng i skut/kjellar som og skal ta mot husdyrgjødsel frå dyrehald i påbygg. Komplisert byggkonstruksjon i høve både styrke og miljø, som og skal handsamast og utførast i samsvar med krav i Forurensingslova.

Langsider i basseng fungerer som opplegg/ bæring for husdyrgolv for dyrehald i 2. etg.

Spalteplank i betong for storfe og strekkmetall/ plast- rister for sau. Svikt i konstruksjon kan føre til drukning av dyr i basseng under.

Utført: juli mnd. 2017- 2019.

- **Forbrett:**

Nytt tosidig forbrett sentralt og i lengderetning av bygg, lengd = 21 m.

Forbrettet er oppstøyppt i armert ferdigbetong og er opplagra på nye betongvegger i endepunkt og vertikale betongsøyler i felt. Forbrettet fungerer som opplegg/ bæring for husdyrgolv for dyrehald i 2. etg. på same måte som bassengvegger( kulepkt.1), og svikt vil kunne føre til drukning av dyr.

Utført: juli mnd. 2017 – 2019.

Tiltakshavar har opplyst om at det er brukt meir enn 60 m<sup>3</sup> ferdigbetong til oppstøyping av dei bærande betongkonstruksjonane som er omtalt under kulepunkt ein og to.

- **Vegger i bygg:**  
Rundt heile bygget er det montert nye vertikale stenderar som i eit moderne fagverksbygg, asfaltplater og ytterkledning. Nye vindu, dører og port. Stendarane fungerer både som avstiving av bygg og som bæring for ovanforliggjande laster. Tiltaka som er samla under dette kulepunktet utløyser til saman søknadsplikt etter Plan og Bygningslova.  
Utført: juli mnd. 2017 – 2019.
- **Nytt bjelkelag mellom 2. og 3. etg.:**  
Det er montert nye limtredragarar på tvers av bygget med avstand ca. 2,0 m. Oppå limtredragarane er det montert lagergolv for nytt lager i 3. etg. Limtredragarane fungerer som avstiving av bygg, samt bæring av laster i lager.  
Utført: delvis utført før juli mnd. 2017.
- **Ny takkonstruksjon:**  
Takkonstruksjonen er 100% ny. Nye sperr, sutak og det originale og mest feilfrie skifertaket er skifta ut med ståltak. Dette har faktisk Bergen kommune og fått med seg, og viser til at tiltaket utløyser søknadsplikt trass i klage frå tiltakshavar.  
Utført: juli mnd. 2017 – 2019.  
Vi noterar oss at tiltakshavar ikkje har klaga på alle de dei andre vesentlege tiltaka som Bergen kommune har utegløymt i rapporten.

I tillegg til nevnte kulepunkt, som vi meiner kvar for seg, utløyser søknadsplikt etter Plan og Bygningslova, viser vi og til tilkomstsituasjon til nytt lager, som er nevnt innledningsvis.

Når ein ser alle tiltak samla, er vår påstand at dette må karakteriserast som ein hovudombygging.

#### **Billedokumentasjon/ forventningar:**

Vi krev at Kvinnherad kommune sikrar god billedokumentasjon frå tilsynet, der alle forhold vi meiner er søknadspliktige vert grundig avfotografert. Dette er viktig for evt. kontradiksjon.

Vi forventar at rapporten frå tilsynet vert eit ryddig dokument som verkeleg viser at ein har vore på staden og sett seg godt inn i situasjon og gjennomførte bygningsmessige tiltak, og at vurdering av dei enkelte tiltak opp mot søknadsplikt etter Plan og Bygningslova, kjem klart fram i rapporten.

Ein rapport som viser at det er vilje bak dei fine orda frå rådmann og advokat om at saka skal avsluttast på ein riktig måte.

Legg ein derimot opp til ei evaluering/ overprøving av Bergen kommune sin rapport, slik som eg oppfattar skriv til tiltakshavar, er ein på ville vegar. og vil ikkje få ein faktabasert rapport.

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland

